



SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

SMIL - STRATEGI FOR SANDE KOMMUNE 2018 – 2020

Godkjent av Sande kommunestyre, i møte den 19.06.2018, sak K-30/18.

SMIL - STRATEGI FOR SANDE KOMMUNE 2018 - 2020

Innhald	Side
1. Bakgrunn	3
2. Organisering av arbeidet	3
3. Status og utfordringar for perioden 2018 - 2020	3
4. Målsettingar for bruk av miljøtilskota	5
5. Behov for tilskotsmidlar i perioden	5
6. Generelle vilkår	5
7. Aktuelle tiltak og prioriteringar innanfor jordbruk	6
8. Søknadsfristar og handsaming	6
9. SMIL-midlar – tilskotssatsar 2018 - 2020	7

1 Bakgrunn

Kommunane overtok frå 01.01.2004 ei rekkje nye oppgåver innan landbruksforvaltninga.

Bakgrunnen var St. meld. Nr. 19 (2001 — 2002) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet — regionalt og lokalt nivå". Dette vart gjort for å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av den statlege verkemiddelbruken.

Forvaltninga av økonomiske verkemiddel til miljøtiltak i jord- og skogbruket er ei av oppgåvene som er overført til kommunane. Desse verkemidla omfattar fleire tilskotsordningar styrt gjennom tre forskrifter:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer

2 Organisering av arbeidet

NTM-utvalet oppnemnte i møte 29.03.2017 i sak NTM 18/2017 ei arbeidsgruppe med oppgåve å utarbeide Sande kommune sin strategi for SMIL-midlar i perioden 2017 - 2020.

Arbeidsgruppa har vore samansett av tre representantar: Ein politisk representant, ein representant frå Sande Bondelag (Britt Harøy) og ein representant frå Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde - og Småbrukarlag (Jostein Korsnes). Faglaga peika ut sine representantar sjølve. NTM-utvalet oppnemnte Einar Ekroll som politisk representant og leiar i arbeidsgruppa. Landbrukskontoret har vore sekretariat. Arbeidsgruppa har hatt 3 møte.

Det har av ulike årsaker vore vanskeleg å få samla arbeidsgruppa til møte, og arbeidet har derfor tatt lenger tid enn planlagt.

3 Status og utfordringar for perioden 2018 - 2020

Status og generell utvikling

Sande kommune er ein liten landbrukskommune med mange små bruk, og etter kvart få aktive gardbrukarar. Dei fleste har lite eige areal og må difor leige jordbruksareal. Utviklinga går i retning av færre mjølkebruk og fleire som driv med kjøttproduksjon på storfe og sau.

Når det gjeld skogbruk, er det lite aktivitet i kommunen.

Utfordringar 2018 - 2020

- **Nå dei aktive gardbrukarane/næringsdrivande med informasjon om ordninga.**

Det er ei utfordring å få dei aktive gardbrukarane og næringsdrivande til å søkje midlar og utnytte moglegheitene som finst i ordninga.

- **Attgroing**

Vi har mange små bruk i kommunen og mykje tungdrive areal som etter kvart går meir og meir ut av drift. I tillegg har det vorte færre dyr i utmarka. Dette gjer at både innmark og utmark gror att. Småskog og einer tek over på fjellet. Det er viktig å få fram att kystlandskapet og kystlyngheia og ta vare på gamle tradisjonar for stell av landskapet vårt.

Attgroinga langs med vegane utgjer ein trafikkfare, då hjorten ofte oppheld seg i denne skogen og kryssar vegen ut frå denne. Dette tek også vekk utsikta for dei som reiser langs vegen, både for turistar og fastbuande.

- **Eit attraktivt Sande**

Sande skal vere ein attraktiv kommune å busette seg i og bu i. Det blir også satsa på turisme i mange bygder. Både fastbuande og turistar skal trivast i kommunen og vi skal kunne nyte det unike kyst- og kulturlandskapet vi har.

- **Kulturminne.**

Sande har mange kulturminne. Dei er viktige som identitetsbyggjarar for folk flest og har særskild verdi for barn og unge. Dette er også moglege attraksjonar for turistar. Det er viktig at desse blir tekne vare på og stelt.

- **Hydrotekniske anlegg.**

Det er mange plassar behov for utbetring og vedlikehald av hydrotekniske anlegg som avskjeringsgrøfter og kanalar. Nokre anlegg er skjemmande og farlege, og ikkje alle anlegg fungerer som dei skal. Det er også fare for erosjon ein del stadar.

- **Gjerdehald**

Manglande gjerdehald i tråd med gjerdeplikta er ofte ei stor utfordring for dei aktive gardbrukarane. Mange av dei gamle gjerda er nedramla og delvis overgrodde piggtrådgjerde som utgjer ein fare både for beitedyr og folk.

- **Skog — skogkultur/tynning**

Vi treng meir aktivitet i skogbruket. Skogen treng stell for at ein skal få mest mogleg att ved avverking i framtida. Tynning og stell bør skje både i lauv- og barskog. Uttaket til ved bør aukast. Val av treslag ved planting må vurderast. Avgrense planting/spreiing av sitkagran.

4 Målsettingar for bruk av miljøtilskota

- Ta vare på og utvikle verdiane i det opne kystlandskapet, legge til rette for friluftsliv og skape trivelege butilhøve og berekraftige arbeidsplassar på dei mange små gardsbruka i Sande.
- Ta vare på og fremje natur- og kulturminneverdiane i landskapet, formidle kunnskap om desse, føre kulturarven vidare og på den måten skape identitet, tilknytning og bulyst i bygdene.
- Motverke attgroing, tap av biologisk mangfald og kulturminne som er knytt til landbruket. Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark.
- Gjere det lettare å halde bruka i aktiv drift og hindre at areal går ut av drift.
- Redusere ureininga frå jordbruket.
- Fjerne piggtråd som er farleg for dyr og menneske.

5 Behov for tilskotsmidlar i perioden

Kommunen får kvart år tildelt ei ramme frå Fylkesmannen. Tildelinga har delvis vorte gjort etter innmelding av behov og historisk brukte SMIL-midlar i kommunane. Etterspørselen etter midlane har ofte vore større enn dei tildelte tilskotsmidlane frå Fylkesmannen.

Vi ventar ikkje at behovet for tilskotsmidlar skal bli dekt fullt ut i perioden, men vi håpar at vi kan bli tildelt midlar i samsvar med behov og aktivitetsnivå.

6 Generelle vilkår

Til grunn for all handsaming av søknader ligg dei sentrale forskriftene. Søknadene må oppfylle krava i sentrale reglar og retningslinjer.

I tillegg gjeld følgjande retningslinjer for Sande:

- Bygningar skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" av Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal eller etter særskilde råd frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune i den enkelte saka.
- Tiltak må utførast tilfredsstillande og investeringane må haldast innanfor ei forsvarleg ramme.
- Det blir ikkje gjeve tilskot til maskiner eller anna laust utstyr som t.d. beitepussar.

7 Aktuelle tiltak og prioritering innanfor jordbruk

Dei tiltaka det er høve til å gje støtte til er mellom anna planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak.

Kulturlandskapstiltak omfattar mellom anna tiltak som ivaretek biologisk mangfald, gammal kulturmark, kulturminne og kulturmiljø medrekna verneverdige bygningar og tilrettelegging for auka tilgjenge og oppleving i landskapet.

Forureiningstiltak (tekniske miljøtiltak) omfattar mellom anna hydrotekniske anlegg, miljøplantingar, økologiske rensetiltak og særskilte bygningsmessige tiltak.

Tilskot til drenering av tidlegare grøfta dyrka jord er ein del av SMIL-ordninga, men har eit sentralt vedteke regelverk med eige søknadsskjema og tilskotsramme. Kommunen har ikkje høve til å utøve lokale vurderingar og prioriteringar i slike saker og dette er såleis ikkje med i SMIL-strategien.

Kulturlandskapstiltak og tekniske miljøtiltak blir prioritert før fellesskapstiltak.

Kommunen vil i planperioden ha særleg fokus på prosjekt som gjeld fjerning av piggtråd som ligg nede og som er farleg for dyr og folk.

Kommunen vil vidare prioritere etter desse kriteria:

- Ved elles like søknader vert tiltak på bruk i sjølvstendig drift prioritert framfor tiltak på bruk som ikkje er i sjølvstendig drift.
- Næringsutvikling/auka inntekt på eige bruk.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor enkelttiltak.
- Verneverdige bygningar som er med i Kulturminneplanen for Sande eller i Kulturminneplanen for Møre og Romsdal blir prioritert framfor andre bygningar.
- Bygningar som framleis står, har prioritet framfor bygningar der berre mur/tuft er att.
- Gode tiltak for fellesskapet.

8 Søknadsfristar og handsaming

Søknadsfristen for SMIL-ordninga er normalt 1. april kvart år.

Det skal nyttast særskilde søknadsskjema. Søknaden skal innehalde plan for tiltaket og naudsynte vedlegg.

9 SMIL - midlar – tilskotssatsar 2018 - 2020

For alle SMIL-tiltak kan ein maksimalt gje 70% tilskot av godkjent kostnadsoverslag, med unntak av tiltak knytt til årleg stell av registrerte naturtypar (biologisk mangfald) som kan få løyving på inntil 100%. Maksimale satsar vil bli endra i samsvar med endringar i forskrifta.

Tilskot til bygningar inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag. I særlege tilfelle, og dersom dei økonomiske rammene tillet det, kan tilskotssatsen aukast.

Godkjente satsar for eigeninnsats er for tida:

- Eige arbeid kr. 350,- pr. time.
- Eige arbeid med motorsag: kr. 400,- pr time.
- Eige arbeid med traktor inkl. reiskap kr. 550,- pr. time

Satsane for eigeninnsats blir samordna med satsane til Innovasjon Norge, slik at når satsane til Innovasjon Norge aukar, aukar våre satsar tilsvarande.

Øvre tak for kostnadsoverslag er kr. 200.000,-. Søknader med overslag større enn dette får berekna tilskot ut frå ein kostnad på kr. 200.000,-.